

Saksnr
26/13

Utval
Komité for næring, miljø og kultur

Møtedato
25.09.2013

ERKO SEAFOOD - SØKNAD OM VASSUTTAK OG REGULERING I STORAVATNET

Framlegg til vedtak (høyringsuttale):

Stord kommune har følgjande merknader til konsesjonssøknad frå Erko Seafood om vassuttak og regulering i Storavatnet:

Kommunen ber om at NVE som del av sakshandsaminga særleg tek ein gjennomgang av berekningane i søknaden av lågaste og høgaste regulerte vasstand:

- Lågaste regulerte vasstand må vere tilstrekkeleg høg til at sundet sør for Knurrøya ikkje blir lukka for gjennomstrøyming av vatn.
- Høgaste regulerte vasstand må ikkje kunne føra til at vatnet kjem over grusveg langs Hustredalsvatnet.

Vasstanden må ikkje endrast utover det som er naturlege svingingar i Storavatnet. Det må ikkje under nokon tilfelle regulertast/magasinerast over høgste regulerte vasstand, eller takast ut vatn utover lågaste regulerte vasstand.

Stord kommune ber vidare NVE om å vurdere om omsøkt minstevassføring vil vere tilstrekkeleg for å oppretthalde elva si økologiske funksjon.

Det bør opprettast eit program for overvaking av forureina sedimenter i Storavatnet. Det bør vidare etablerast målestav for korrekt avlesing av vasstanden i vatnet. Denne skal plasserast slik at den kan vera tilgjengelig for alle interessantar.

Brukarinteressene rundt Storavatnet må i større grad synleggjerast i konsesjonssaka.

Saksprotokoll i Komité for næring, miljø og kultur - 25.09.2013

PS 26/13 - ERKO SEAFOOD - SØKNAD OM VASSUTTAK OG REGULERING I STORAVATNET

Vedtak (høyringsuttale):

Stord kommune har følgjande merknader til konsesjonssøknad frå Erko Seafood om vassuttak og regulering i Storavatnet:

Kommunen ber om at NVE som del av sakshandsaminga særleg tek ein gjennomgang av berekningane i søknaden av lågaste og høgaste regulerte vasstand:

- Lågaste regulerte vasstand må vere tilstrekkeleg høg til at sundet sør for Knurrøya ikkje blir lukka for gjennomstrøyming av vatn.

- Høgaste regulerte vasstand må ikkje kunne føra til at vatnet kjem over grusveg langs Hustredalsvatnet.

Vasstanden må ikkje endrast utover det som er naturlege svingingar i Storavatnet. Det må ikkje under nokon tilfelle regulerast/magasinerast over høgste regulerte vasstand, eller takast ut vatn utover lågaste regulerte vasstand.

Stord kommune ber vidare NVE om å vurdere om omsøkt minstevassføring vil vere tilstrekkeleg for å oppretthalde elva si økologiske funksjon.

Det bør opprettast eit program for overvaking av forureina sedimenter i Storavatnet. Det bør vidare etablerast målestav for korrekt avlesing av vasstanden i vatnet. Denne skal plasserast slik at den kan vera tilgjengelig for alle interessentar.

Brukarinteressene rundt Storavatnet må i større grad synleggjerast i konsesjonssaka.

Handsaming

Vedteke med 8 mot 1 røyst (Leif Heimro (A)).

Håkon Frode Særsten la fram følgjande merknader:

1. Demningen skal ikkje føra til auka vass-nivå på Storavatnet utover det som er definert som normal variasjon her.
2. Tapping-røyrret som er beskrevet som overdimensjonert skal reduserast frå 63 cm til ein meir eigna dimensjon tilpassa det vass-uttaket det er søkt om.

Pkt 1 falt med 5 mot 4 røyster (Håkon Frode Særsten (V), Sigbjørn Framnes (Frp), Atle Heggøy (D), Jan Terje Alsaker (A)).

Pkt 2 falt med 8 mot 1 røyst (Håkon Frode Særsten (V)).

Vedlegg

Erko Settefisk AS - Søknad om løyve til uttak av vatn og regulering av Storavatnet i Stord kommune

Søknad om konsesjon etter vannressurslovens § 8 for regulering og uttak av vann fra Storavatnet i Stord kommune, Hordaland fylke

Innleiing (bakgrunn for saka)

Erko Settefisk søker Noregs Vassdrags- og energidirektorat (NVE) om løyve til uttak av vatn og regulering av Storavatnet i Stord kommune for settefiskanlegg på Grunnavågen, Sagvåg. Anlegget har fått konsesjon for produksjon av 5 millionar settefisk med ein kombinasjon av resirkulering og gjennomstrømming, samt bruk av reint sjøvatn til produksjon av smolt på 300-500 gram.

NVE ga 12.september 2007 konsesjon for oppdemming og regulering av Storavatnet, men denne falt bort etter 3 år grunna manglande oppstart av byggjearbeidet. Erko Settefisk har no sendt inn søknad for at vassuttaket kan vurderast på nytt, og etter nye krav.

Stord kommune er høyringsinstans i saka, og er bedt om å gi synspunkt på om planane bør gjennomførast. NVE ber kommunen informere om kjende allmenne interesser som tiltaket kan få følgjer for, gi forslag til vilkår eller avbøtande tiltak og avklare tilhøve til kommunale planar.

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

Det vert søkt om eit gjennomsnittleg vassuttak på 11,5 m³/min (192 l/s), med høgaste månadsmiddel på 20 m³/min (330 l/s). Uttaket vil i snitt utgjere 14 % av årleg naturleg tilrenning til Storavatnet. Vatnet skal hentast gjennom ei vassleidning med dimensjon 630 mm. Inntak er planlagt om lag 650 meter inn i Storavatnet og leidningen skal førast til sjø i ei 130 m lang grøft parallelt med utløpselva. Leidningen skal vidare leggjast i sjø gjennom Sagvåg om lag 900 m fram til anlegget (sjå kart i søknadsdokument). Søknaden inneber òg ei regulering av Storavatnet mellom kote 10,30 (lågaste regulerte vasstand) og kote 10,80 (høgste regulerte vasstand). Det vert planlagt ein 0,5 meter høg reguleringsterskel ved utløpet frå Storavatnet. Terskelen skal halde vasstanden tilsvarande dagens flomvasstand, som er 0,5 meter over lågaste normalvasstand. Det er planlagt å sleppe ei minstevasføring på 3m³/min (50 l/s).

Gjeldande søknad er i hovudsak likelydande med konsesjonen som NVE gav i 2007, men omsøkt uttak omfattar no eit lågare maksimalt uttak (frå 30 m³/min til 20 m³/min), samt at det er søkt om å sleppe ein lågare minstevasføring.

Slik som anlegget nå er planlagt bygget, vil det driftas i all hovudsak med resirkuleringsteknologi, noko som gjev eit vesentleg lågare vassutak enn omsøkt ramme. Søkjar ønskjer imidlertid at det skal være mogleg å nytta varierende grad av gjennomstrømming i anlegget, og held oppe derfor rammene av den tidlegare omsøkte vassmengda.

Tilhøve til planar

Tiltaksområdet omfattar utløpsterksel med vassvei for rørleidning ned til anlegget. Sjølve anleggsområdet er avsett til område for industri og lager, akvakultur, i reguleringsplan (R-221-000).

Influensområdet omfattar dei tilstøytane områder og verdiar som vil kunne bli påverka. Når det gjeld vassdraget, vil ei endring i vasstand omfatte heile strandsonen i Storavatnet, og framføring av vatn frå utløpselva omfattar også dette habitatet. Når det gjeld opplevinga av landskap og forholdet til friluftsliv, vil også influensområdet kunne defineras som heile området der det er synleg.

Arealet i og kring Storavatnet er for det meiste synt som LNF i Kommuneplan for Stord kommune 2010-2021. Sjølve vatnet har føremål *Friluftsområde, nåverande*. Vatnet ligg òg i omsynssone for *Friluftsliv, regionalt friluftsområde*. I tillegg ligg det fleire reguleringsplanar ned mot vatnet.

Storavatnet har ein eigen vassbruksplan, vedtatt i 2008. Planen er ikkje juridisk bindande, men legg premissar for forvaltinga av vatnet og nedbørsfeltet som høyrar til.

I vassbruksplanens målsetjingar for arealbruk kjem det fram at nye oppdrettsanlegg ikkje skal etablerast i vatnet, og at nye næringar i vassdraget ikkje skal komme i konflikt med natur- og kulturverdiar. Omsøkt tiltak kan ikkje definerast som oppdrettsnæring i vatnet, og kan derfor ikkje sjåast å vere i konflikt med vassbruksplanen.

Storavatnet

Storavatnet har eit vasspegel på 1,45 km² og nedslagsfelt på omlag 18 km². Totalt utgjer volumet til innsjøen 22,9 mill m³. Det består av fleire basseng som er skilt av med tersklar med varierende djup, og har i tillegg ei rekkje øyar. Knurrøya skil det vestre basseng ved Almås frå resten av innsjøen, og sundet på sørsida av øya har ei middels djupna på 1,7 meter. Tersklane mellom bassenga ligg på ca. 5 m djup. Hovudbassenget er rundt 40 m djupt.

Storavatnet har 6 innløpsbekkar og 1 utløpselv. Utløpet utgjer Sagvågselva, som er kort og bratt. Det er reikna med ei snitt vassføring i utløpet på 79,8 m³/min. Avrenninga er ikkje jamt fordelt over året. I normalår er avrenninga størst om hausten, medan den er minst om sumaren.

Fiskebestanden i Storavatnet utgjerast hovudsakleg av aure. Utløpselva har registrert sjøaure, men har eit vandringshinder som i hovudsak hindrar vidare vandring i vassdraget. Noko sjøaure må ein likevel rekna med kjem seg opp til Storavatnet.

Vurdering

Vasskvalitet

Ut ifrå den kunnskapen ein har om vasskvaliteten i Storavatnet i dag er vatnet karakterisert til god miljøtilstand (jf. Vassforskrifta). Det er påvist røte, livlaust og permanent stagnerande dyptvatn med høgt innhald av jernsvovel og mangan i det sentrale bassenget. Dette skyldas sig frå deponerte avgangsmassar frå gruvene. Sedimentane i Storavatnet har høgt innhald av aluminium, kobbar, sink, jern og mangan pga. tidlegare gruvedrift ved Stordø kisgruber. Rådgivande biologar konkluderar i sin konsekvensutgreiing at omsøkt vassuttak ikkje vil ha negativ effekt på vasskvaliteten i Storavatnet.

Sirkulasjon og omsifting av vassmassane gjennom årstidene kan likevel gi noko forureining til eit vassuttak, og det bør stillast krav til overvaking av dei forureina sedimenta om løyve vert innvilga.

Naturmangfald

Det er ei rekke vilt-, fiske- og floraartar som har sitt leveområde i Storavatnet. Fleire av disse er trua i ulik grad. Innafor influensområde til tiltaket er det òg fleire viltområder og naturtypar. Såframt tiltaket ikkje endrar dei naturlege tilhøva i og ved Storavatnet er det ikkje grunn til å tru at det skal ha negativ innverknad på naturmangfaldet, men i motsett fall kan konsekvensane vere store. Dette presiserer viktigheita av gode vilkår med tett oppfølging.

Rådmannen er bekymra for at omsøkt minstevassføring ikkje vil vere tilstrekkeleg for å oppretthalde utløpaelva si økologiske funksjon. Elva har registrert oppgang av sjøaure, og er leveområde for mellom anna fossefall. Det er difor viktig at elva ikkje berre sikrast mot å tørke ut, men også bevarer dei funksjonane den har i dag.

Brukarinteressar

I søknaden blir brukarinteressene oppsummert med at det vert utført eit begrensa fritidfiske i Storavatnet, men at tiltaksområdet ikkje benyttes til friluftsmål i særleg grad. Rådmannen meiner at søknaden gjer et upresist bilete av brukarinteressene knytt til Storavatnet. Storavatnet brukas i utstrakt grad til rekreasjon i alle årstider. Dette inkluderer fiske, bading, vassport, turområder m.m. Ein finn badeplassar rundt heile vatnet, samt ei rekkje turstier- og veger i området. Det er eit stor tal lokale organisasjonar knytt til Storavatnet og områdene rundt. I tillegg er det mange som bor langs Storavatnet, og har interesser i strandsona.

Langs den sørvestlege sida av Hustrudalsvatnet (nord for Storavatnet) er det bygd opp ein grusveg som ein del av turløypa, og som ein innfallsveg til motorcross-anlegget i Hustrudalen. Denne vegen ligg så lågt at vatnet kan nå over vegen ved høg flom. Dette må takast omsyn til når det skal vurderast kva som skal vere høgste regulerte vasstand.

Konklusjon, alternativ tilråding

Rådmannen meiner at omsøkt tiltak ikkje vil medføre alvorlege inngrep i Storavatnet. Dette føresett at tiltaket ikkje vil endra nåverande status i vassdraget, og den økologiske funksjonen til utløpselva. NVE som konsesjonsmynde og fagmynde må vurdera dokumentasjonen i saka for å ivareta slike vilkår. Rådmannen rår til at ein lyttar til vurderingane til dei som bur rundt vatnet og nyttar området, og at ein legg meir vekt på bruksinteressane i og rundt Storavatnet.

Dersom søkjar på en tilfredstillande måte kan dokumentera at tiltaket ikkje vil medføre ei negativ utvikling for vassdraget har ikkje rådmannen innvendingar til at løyve vert gjeve.